




Bruk av Optima pH4 til sau og geit

Fødselshjelp: Vask området rundt vulva med **Optima pH4 hudvask for dyr**. Bruk rikeleg med **Optima pH4 gel** på hansken når du utøver fødselshjelp; og legg igjen ein del gel i børen etterpå

Lammebyte/adopsjon med Optima er ein velkjent og sikker metode. Dypp heile lammet i ei blanding av 2-3 dl **Optima pH4 hudvask for dyr** i 20 l lunka vatn. Spray så med **Optima pH4 hudspray for dyr**. La sauen få dette lammet før sitt eige.

Mindre overflatesår på jur og spenar: Vask først jur og spenar med **Optima pH4 hudvask for dyr**. Påfør deretter **Optima pH4gel** i rikelege mengder. Bruk gelen 1-2 g pr dag.

Andre mindre overflatesår kan du behandla på same måte.

Munnskurv: Bruk **Optima pH4 gel** 1-2g dagleg. Spesielt viktig er dette ved blemmer på spenane.

Mage/tarmplager: Ved slike plager hos enkeltdyr er **Optima pH4 mage(mageregulator)** brukt med godt resultat på denne måten. Lam(0-3 veker): Bruk 20-50 ml 1-2 g pr dag. Bland det evt ut i litt vatn eller mjølk.

Ved flokkproblem.0,25 liter **Optima pH3,6 organiske syrer** og 0,2 liter **Optima pH4 mage(mageregulator)** til 10 liter mjølk. Denne blandinga er mikrobiologisk stabil og kan brukast både i fôringsautomat og til manuell fôring. Mageregulatoren har god smak og stimulerer opptaket. Denne kan også brukast i drikkevatnet i utblanding 1:10.

Reinhald med Optima: Godt reinhald er viktig i sauefjøsset. Men rydd ikkje ut dei gode bakteriane i lag med dei skadelege! Og tenk gjerne på miljøet. Med **Optima pH4 universalvask** og **Optima pH3,6 organiske syrer** gjer du reint på ein miljøvenleg måte, og du øydelegg ikkje dei gode bakteriane. Ekstra smittereduksjon kan du få ved bruk av org syrer på golv og innreiding i det lamminga/kjeinga startar. Kan gjerast med dyr i bingen.

Spenepheie geit: Bruk av **Optima pH4 spenevask og spenespray** betyr mindre S.aureus i mjølka og betre jurhelse.

Legg til rette for den gode bakteriefloraen i heile miljøet og unngå mange problem!



Lammebyte med Optima pH4

Etter metode som er utvikla av Dag Laupsa Borge i Kvam.

Det som trengs:

Optima pH4 hudvask for dyr; varenr 36(1 liter) eller 37(5 liter) etter så mange lam du skal flytta over. Hudvask 5 liter og spenevask 5 liter er same produktet. **Optima pH4 hudspray for dyr**; varenr 31(0,5 liter) eller 32(1 liter) etter så mange lam du skal bruka det til.

1. Fyll lunka vatn i ei bøtte på ca 20 liter
2. Ha oppi 2-3 dl med **Optima pH4 hudvask for dyr** og bland godt
3. Dypp heile lammet i denne blandinga og gni det godt inn; utan å få vatn i nase og lunger
4. Ta lammet opp og la overskytande væske renna av
5. Spray lammet med **Optima pH4 hudspray for dyr**
6. Ha på fostervatn dersom du får tak i det
7. Lat sauene få dette lammet før han får sitt eige

Det som skjer vidare er at sauene slikkar lammet og godtek det (hudspraya smakar godt).

Dette skjer i nær 100% av tilfella.

Tilbakemeldingane så langt er utruleg gode. Og det ser ikkje ut til at det betyr så mykje om det blir brukt fostervatn eller ikkje.

Metoden er brukt på lam som var opp til 6 dagar gamle.

Det er også døme på vellukka resultat 1-2 dagar etter lamming når eige lam har krepert. Då skal begge lamma vaskast og sprayast.